



Strategi Haukeland CCC

2025 – 2030

*«Helsehjelp på internasjonalt nivå –
driven av forskning, forma av pasientane»*

Innleiing

Strategien for Haukeland CCC er eit styringsverktøy for utviklinga av helsehjelpa innan kreftområdet ved sjukehuset. Den skal styrkje koordinert innsats innan behandling, diagnostikk, forskning, pasientforløp og kompetanseutvikling, og konkretiserer mål og tiltak for å sikre heilskapleg, kunnskapsbasert og framtidsretta helsehjelp.

Strategien er forankra i [utviklingsplanen 2022–2035 for Helse Bergen HF](#), og byggjer på eksisterande delplanar innan [forskning og innovasjon](#), [teknologi](#) og [kompetanse](#). Strategien er i tråd med [nasjonal kreftstrategi 2025-2035 «Felles innsats mot kreft»](#), [Nasjonal handlingsplan for kliniske studier](#), [OEI-akkrediteringa](#) og [Prioriteringsveileder i spesialisthelsetjenesten](#).



Kreftstyrets motivasjon for CCC akkreditering:

«Optimalisere pasientforløp og ressursutnytting innan helsehjelp for pasientar med kreft ved å sikre betre samarbeid på tvers av avdelingar og med eksterne partnarar.»

Helsehjelp på internasjonalt nivå – koordinert og tverrfagleg

Sjukehuset skal tilby helsehjelp av høg internasjonal kvalitet gjennom ei samordna og tverrfagleg tilnærming, der pasienten møter ei samla teneste uavhengig av organisatoriske grenser.

Haukeland CCC arbeider systematisk med data og indikatorar for å sikre lik tilgang, redusere variasjon og betre pasientresultat.

Prioriteringar 2025-2030

- Styrke koordineringa og fagleg leiing på tvers av klinikkar og fagområde gjennom Haukeland CCC og Kreftstyret
- Etablere dashboard med felles datagrunnlag og synlege kvalitetsindikatorar
- Sikre tilgang til avansert diagnostikk og behandling gjennom tett samarbeid med nasjonale kompetansemiljø, der kliniske studier er ein integrert del av pasientforløpet
- Ta i bruk og utvikle teknologiske nyvinningar i pasientforløpet

For å få til dette må vi sette i gang følgjande tiltak

- Vidareutvikle Kreftstyret
- Kartleggje og redusere flaskehalsar i utgreiingsløpa, i samarbeid med Kreftstyret og fagmiljøa
- Ta i bruk kliniske dashboard med nøkkelindikatorar som overlevingsdata frå Kreftregisteret, pakkeforløpstid, bruk av MDT og behandlingsval
- Presisjonsdiagnostikk: Auke kapasiteten og tilgangen til bildediagnostikk og molekyllære analyser slik at fleire pasientgrupper får nytte av persontilpassa utgreiing og behandlingsval.
- Utvikle og implementere fleirmodale behandlingsstrategiar, inkludert avansert celleterapi og teranostiske metodar
- Kompetansebygging innan datateknologi og kunstig intelligens anvendt mot kreftdiagnostikk og -behandling

Styrkt pasientrolle og medverknad i pasientforløpet

Pasienten skal vere ein aktiv medspelar i eiga behandling. Haukeland CCC vil styrkje pasientens rolle gjennom betre informasjonsflyt, strukturert brukarmedverknad og digital støtte i alle fasar av pasientforløpet, i tråd med nasjonal kreftstrategi og prinsipp om persontilpassa helsetenester. Brukarerfaringar, behov og preferansar skal ha ein tydeleg plass i planlegging og evaluering av krefttilbodet.

Prioriteringar 2025-2030

- Styrkje brukarmedverknad i pasientforløp og utviklingsarbeid gjennom etablerte strukturar og kultur.
- Ta i bruk digitale verktøy som gir pasientar oversikt, medverknad og tilpassa informasjon.
- Bruke pasienterfaringar aktivt i kvalitetsforbetring og tenesteutvikling.
- Styrkje samval og pasientopplæring for å støtte informerte og aktive val i behandling.
- Fremje kloke val og persontilpassa helsehjelp gjennom systematisk bruk av kliniske scoringsverktøy som støtte i diagnostiske og behandlingsmessige beslutningar.

For å få til dette må vi sette i gang følgjande tiltak

- Etablere eit kreftspesifikt brukarpanel som skal involverast i evaluering av pasientforløp og utvikling av tenester og digitale løysingar.
- Utvikle og implementere digitale pasientforløp med støtte for eigenmonitorering, informasjon og samtykke.
- Vidareutvikle innhenting og bruk av pasienttilbakemeldingar (PREM og PROM).
- Vidareutvikle og samordne pasientopplæringstilbodet, og integrere samval som del av kliniske beslutningsprosessar.
- Ta i bruk verktøy som Clinical Frailty Score og andre relevante scoringssystem for å støtte behandlingsval og tilpasse helsehjelpa til pasienten sitt funksjonsnivå og behov.

Klinisk forskning som integrert del av helsehjelpen

Klinisk forskning er ein kjernekomponent i sjukehusets samfunnsoppdrag og ein føresetnad for betre diagnostikk, behandling og oppfølging. Haukeland CCC skal auke både volum og kvalitet i forskinga, og sikre betre tilgang til studiar for pasientane. Forskingsaktivitetane skal vere integrert i klinisk drift og fremje tverrfagleg samarbeid nasjonalt og internasjonalt.

Prioriteringar 2025-2030

- Videreutvikle strukturar og støttefunksjonar for forskning
- Auke kapasitet og deltaking i kliniske studiar
- Fremje regionalt, nasjonalt og internasjonalt samarbeid

For å få til dette må vi sette i gang følgjande tiltak

- Etablere eit forskingsutval for all kreftforskning
- Vidareutvikle strukturar og system som sikrar avsett forskningstid for klinikarar og bygge ut forskingsstøtta i kliniske einingar med dedikert personell.
- Utvikle og ta i bruk eit forskingsdashboard med relevante nøkkelindikatorar.
- Utarbeide og gjere tilgjengeleg tydelege og brukarvenlege forskingsrutinar, inkludert gode malar for formalia, protokollar og dokumentasjon.
- Etablere og vidareutvikle biobankar som støttar klinisk forskning og presisjonsmedisin.
- Integrere forskingsaktivitetar i klinisk drift for å sikre at fleire pasientar får tilgang til relevante studiar.
- Styrkje samarbeidet med Universitetet i Bergen og andre akademiske institusjonar, med fokus på felles bruk av infrastruktur og kompetanse.
- Etablere formelle samarbeidsarenaer og prosjekt på tvers av fagmiljø og nivå, både nasjonalt og internasjonalt.
- Delta aktivt i forskingsnettverk og konsortium som fremjar kunnskapsdeling og felles studiar.

Attraktiv arbeidsplass og berekraftig kompetansebygging

Ein berekraftig kreftteneste krev fagfolk med rett kompetanse og motivasjon. Haukeland CCC skal vere ein attraktiv og føreseieleg arbeidsplass som tiltrekkjer, utviklar og beheld høgt kvalifisert personell. Strategisk kompetanseplanlegging og tverrfagleg utvikling er avgjerande for å møte pasientane og samfunnets behov.

Prioriteringar 2025-2030

- Synliggjøre sykehusets faglige rolle innen kreft i regionen
- Sikre rett kompetanse og robuste team i alle ledd av pasientforløpa
- Styrkje rekruttering og behalde nøkkelpersonell gjennom utviklingsløp og karrieremodellar
- Fremje samhandling med andre sjukehus og kommunehelsetenesta
- Leggje til rette for bruk av ny teknologi og presisjonsdiagnostikk

For å få til dette må vi sette i gang følgjande tiltak

- Styrkje samarbeid med kommunehelsetenesta og andre sjukehus gjennom hospitering, fagnettverk og felles utdanningsløp.
- Etablere system for fagleg oppdatering og kompetanseutvikling.
- Leggje til rette for kombinerte stillingar mellom klinikk og forskning.
- Vidareutvikle opplæringsprogram for kreftsjukepleiarar.
- Tilby utviklingsløp og karrieremodellar som støttar fagleg vekst og langsiktig kompetansebygging.
- Integrere kompetanseutvikling knytt til ny teknologi og presisjonsdiagnostikk i opplæringsprogram og faglege møteplassar.